



Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 02.09.2019

Sak nr.: 19/522-13

Internt l.nr.: 44798/19

Sak: 39/19

Tittel: **Skriv, meldingar og orienteringar kontrollutvalet 2. september 2019**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Orientering om status i arbeidet med regionreforma v/Prosjektleder/fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune Rune Haugsdal

Prosjektleder orienterte om status i arbeidet med etableringa av Vestland fylkeskommune. Det vart også fokusert på utfordringar framover. Orienteringa vart teken til vitande.

2. Artikkel i NRK 20. august 2019 om dei nye bompengeselskapa

Pengebruken i offentlig eigde bompengeselskap vart diskutert på bakgrunn av medieoppslag og NRK si kontakt mot kontrollutvalsleder i Hordaland fylkeskommune. Kontrollutvala diskuterte seg fram til eit vedtakstekst, som begge utvala fekk til behandling i sine respektive møte.

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde slikt samrøystes vedtak i saka:

1. Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune, saman med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, ber Deloitte om å lage forslag til ein prosjektplan på gjennomføring av ein selskapskontroll av Ferde AS og Skyttel AS.
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan vert levert sekretariatet innan 13.09.19.
4. Leder i kontrollutvalet får fullmakt, i samråd med sekretariatet, til å godkjenne prosjektplanen.
5. Dei andre eigarane vert orientert om at selskapskontrollen vert sett i gang og invitert til å delta.

3. Status Forvaltningsrevisjon v/Deloitte,

- a. FR Trivselshagen IKS

Prosjektet er i god gang. Det er gjennomført intervju. Rapport vert sendt til verifisering/høyring i løpet av kort tid. Det er etter planen eit mål å verte ferdig med rapporten innan 16. september. Den kan bli forseinka. Deloitte vil ta kontakt med kontrollsjef for å finne ei god løysing for å få saka klar til neste møte i kontrollutvalet, som er 1. oktober.

4. Revisjonsplan finansiell revisjon v/SF revisjon IKS

Dette punktet vart utsett til neste møte

5. Informasjon frå FKT (19/5278)

- a. Att. Sekretariat og kontrollutvalg i sammenslåingskommuner – videreføring av medlemskapet

Informasjonen vart teken til vitande

- b. Valg av kontrollutvalg for perioden 2019 – 2023

Informasjonen vart teken til vitande

6. Informasjon frå NKRF

- a. eINFO 19/5 – Folkevalgtopplæring etter lokalvalget

Informasjonen vart teken til vitande

7. Orientering frå kontrollutvalsleiar og kontrollsjef

Kontrollsjef orienterte om status i arbeidet med saken om kontrollhandlingar rundt forhandlingsprosessen mellom BKK og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Status vart teken til vitande.